



Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 18/6450-4

Rapport om oppfølgingstenesta i Sogn og Fjordane fylkeskommune - notat om oppfølging oktober 2018

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet registrerer at det er gjennomført mykje positivt forbettingsarbeid på bakgrunn av tilrådingane som kom fram i rapporten frå Nordlandsforskning om oppfølgingstenesta i Sogn og Fjordane fylkeskommune.
2. Utvalet vurderer oppfølginga av rapporten til å vere gjennomført, og kontrollutvalet avsluttar dermed si oppfølging av saka.

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

- Notat datert 24.10.2018 med status på oppfølging av rapport om oppfølgingstenesta i Sogn og Fjordane fylkeskommune med vedlegg

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I møte i kontrollutvalet 26.09.2017 vart sak om bestilling av ny forvaltningsrevisjon handsama. Av saksframstillinga gjekk m.a. dette fram:

«Det andre prosjektet i planen – Oppfølgingstenesta inkl. helse - og miljøretta tiltak i skulen – vart bestemt utsatt inntil vidare. Bakgrunn for dette er at opplæringsavdelinga arbeider med ei omlegging/oppfølging av OT - tenesta. Dette arbeidet skulle vore utført hausten 2016, men måtte utsettast på grunn av vakansar m.m. Arbeidet vil bli utført ved hjelp av innleidd kompetanse. Fylkeskommunen har no motteke ein førebels rapport etter gjennomgangen av tenesta. Når endelig rapport vert motteken, vil den bli sendt til kontrollutvalet.»

Endeleg rapport frå Nordlandsforskning om oppfølgingstenesta vart lagt fram for kontrollutvalet i møte 13.12.17 saman med ei munnleg orientering. Det vart gjort slikt vedtak:

«Tor-Einar Holvik Skinlo orienterte om rapporten og vidare oppfølging av denne. Kontrollutvalet vil eventuelt be om ei orientering om oppfølging i løpet av 2018.»

Nordlandsforskning kom i rapporten med tilrådingar på desse områda:

- a) Koordinering på systemnivå
- b) Auka samhandling om arbeidstilbod
- c) Læring og delingsarena
- d) Vidareutvikle Vg3 i skule
- e) Auka satsing på grunnkompetanse
- f) Førebygging i skule
- g) Psykisk helse

Kontrollutvalet mottok kopi av notat frå fylkesrådmannen til rektorane dagsett 16.04.2018 med skriftleggjering av det som var drøfta på rektrørsmøte 26. oktober 2017 etter at fylkesdirektøren sin gjennomgang av rapporten om oppfølgingstenesta i Sogn og Fjordane. Notatet vart handsama i kontrollutvalet 4. juni i KU-sak 29/2018. Følgjande vedtak vart fatta:

1. *Kontrollutvalet registrerer at det er sett i gang mykje positivt forbettingsarbeid på bakgrunn av tilrådingane som kom fram i rapporten frå Nordlandsforskning om oppfølgingstenesta i Sogn og Fjordane fylkeskommune.*
2. *Utvalet ber om ny status i forbettingsarbeidet i form av skriftleg tilbakemelding, inkludert dokumentasjon på tiltaka som gjennomført, innan 30.10.2018.*

2. Vurderingar og konsekvensar

Sekretariatet har motteke vedlagte notat frå fylkesrådmannen datert 24.10.2018 med ny status på oppfølginga av rapporten om oppfølgingstenesta i Sogn og Fjordane.

Fylkesrådmannen har gjennomført mykje positivt forbettingsarbeid som oppfølging av tilrådingane som kom fram i rapporten frå Nordlandsforskning. Alle tilrådingane er gjennomarbeidd, og med dette notatet i tillegg til dokumentasjonen som er vedlagt, vil kontrollsjefen rå kontrollutvalet til å seie at oppfølginga er gjennomført, og at utvalet avsluttar oppfølgingssaka.

3. Konklusjon

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å seie seg fornøgd med fylkesrådmannen si oppfølging, og dermed avslutte saka.